



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 20.09.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 12:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
Linbjørg Lunde	Magne Ivar Fauskanger	V

**Merknader**

---

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte til og med PS 36/18
Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor Deloitte til og med PS 36/18
Steinar Dalland	Rådmann i PS 31/18 og 32/18
Laila Jane Hope	Einingsleiar forvaltning i PS 32/18
Kåre Martin Kleppe	Ordførar i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård  
utvalsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 29/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 30/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 31/18	Orienteringssak om tilrettelegging og organisering av PPT-tenester i Tysnes kommune		2014/243
PS 32/18	Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av plan- og byggesak		2015/4
PS 33/18	Budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Tysnes kommune		2016/45
PS 34/18	Revisjonsplan 2018 for Tysnes kommune		2016/73
PS 35/18	Løypemelding om arbeid med forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste		2018/27
PS 36/18	Referatsaker		
RS 11/18	Etiske retningslinjer Tysnes kommune - rullert i kommunestyret 10.04.2018		2016/68
RS 12/18	Retningslinjer for intern varsling av kritikkverdige tilhøve - rullert 10.04.18		2016/68
RS 13/18	Melding om FKT-veileder Sekretariat for kontrollutvalg		2017/40
RS 14/18	Rekneskapoversyn kontrollutvalet sitt budsjett pr. august 2018		2016/45
PS 37/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 38/18	Eventuelt		

## **PS 29/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 30/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 03.05.18.

#### **Vedtak:**

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 03.05.18 vart samrøystes godkjent.

## **PS 31/18 Orienteringssak om tilrettelegging og organisering av PPT-tenester i Tysnes kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Steinar Dalland orienterte i saka. Det er nå utgreia sak som skal opp til handsaming i kommunestyremøte 25.09.18. I saka ligg det forslag om å godkjenne Samarbeidsavtale for Pedagogisk – psykologisk teneste mellom kommunane Fitjar, Stord og Tysnes.

Kontrollutvalet takka for informasjonen og tok den samrøystes til orientering.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## **PS 32/18 Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon av plan- og byggesak**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Steinar Dalland orienterte. Einingsleiar for forvaltning Laila Jane Hope var og tilstades under orienteringa. E-byggesak har likevel ikkje blitt teke i bruk i år fordi tilpassingar til øvrige system i kommunen ikkje har lete seg gjera ennå. Det er planlagt å få dette på plass i løpet av 2019. Punkta som gjeld tilrådingar etter forvaltningsrevisjonen vart gjennomgått. Nokre av punkta er følgde opp, medan andre må arbeidast vidare med.

Kontrollutvalet kommenterte informasjonen om dette. Konklusjonen blei at det til neste møte bør leggjast fram ei sak der dei tilrådingar som er følgde opp vert kvittert ut, medan dei punkta som gjenstår vert gjort greie for og synleggjort korleis skal følgjast opp vidare. Ut frå dette vart det fatta slikt samrøystes vedtak.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet merkar seg status i oppfølgingsarbeid og er tilfreds med at mange av tilrådingane er gjennomført. Det står framles att nokre punkt som treng vidare oppfølging. Kontrollutvalet vil ha framlagt sak til neste møte der dei tilrådingar som er følgde opp vert kvittert ut, medan dei punkta som gjenstår vert gjort greie for og synleggjort korleis skal følgjast opp vidare. Sekretariatet sender førespurnad til rådmann om å få lagt fram eit notat om dette til møte 29.11.18.

**PS 33/18 Budsjett 2019 for kontroll- og tilsynsarbeid i Tysnes kommune****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Sekretariatet gjorde greie for kva som ligg bak tala i forslag til budsjett og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet drøfta framlegget og konkluderte med at ein ville gjera endringar i nokre av postane. Post med avisabonnement skal reduserast med 2 abonnement. Postane for opplæring/kurs og skyss/kost skal setjast til kr 0 for 2019. Det vart peika på at postane bør setjast opp på nytt etter valet hausten 2019. Det må då bli gjeve løyving til opplæring av nytt kontrollutval. Med desse endringane vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

**Vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget med dei endringar som kom fram i møte. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2019.

**PS 34/18 Revisjonsplan 2018 for Tysnes kommune****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2018 frå Deloitte AS til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Partner / rekneskapsrevisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsplan. Kontrollutvalet kom med kommentarar, men det kom ikkje ønske om andre fokus-områder til revisjonsplan. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen for 2018 frå Deloitte AS til orientering.

**PS 35/18 Løypemelding om arbeid med forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste****Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvsland orienterte om stoda for arbeidet med forvaltningsrevisjonen. Deloitte melder om at tidsplan så langt ser ut til å halda, men at det ikkje er margin for evt. forseinkingar. Sekretariatet gjorde framlegg om at frist for å levera rapport vert endra til 15.11.18. Kontrollutvalet slutta seg til forslaget og gjorde samrøystes vedtak.

**Vedtak:**

Frist for å levera ferdigstilt rapport etter forvaltningsrevisjon av helsestasjon og skulehelseteneste vert utsett til 15.11.18. Kontrollutvalet tek ellers informasjonen til orientering.

**PS 36/18 Referatsaker****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Desse referatsakene blei gjennomgått i møte:

- RS 11/18 – Etske retningslinjer Tysnes kommune – rullert i kommunestyret 10.04.18.  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 12/18 - Retningslinjer for intern varsling av kritikkverdige tilhøve – rullert 10.04.18.  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 13/18 – Melding om FKT-veileder vedr. Sekretariat for kontrollutvalet.  
Gjennomgått og teke til orinetering.
- RS 14/18 – Rekneskapsoversyn kontrollutvalet sitt budsjett pr. august 2018.  
Gjennomgått og teke til orientering.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i referatsakene til orientering.

**PS 37/18 Gjennomgang av møteprotokollar****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Aktuelle møteprotokollar blei gjennomgått. Nokre av sakene blei kommentert, men det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

**PS 38/18 Eventuelt****Saksprotokoll i kontrollutvalet - 20.09.2018****Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet tok opp til drøfting at utvalet vil be om orienteringssak til neste møte om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgssektoren. Stikkord for orienteringa bør vera:

- Bemanningssituasjonen på både sjukeheimen og i heimetenestene
- Vikarbruk
- Utfordringar med å få søkjarar til stillingar
- Utfordring med heile stillingar – kontra deltids-stillingar
- Nok ressursar for å gje tilfredstillande tenester til dei brukarane som bur i eigen bustad
- Søknad på / behov for sjukeheimplass / evt. avlastningsplassar

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sender førespurnad til rådmann om slik orientering, og førebur sak til møte 29.11.18. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

**Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet sende førespurnad til rådmann om bemanningssituasjonen i pleie- og omsorgstenesta, og at det vert førebudd orienteringssak om dette til møte 29.11.18.